Nå vil mange troende si : Hva er da dette for et tegn? Å elske brødrerne er jo lett. Det ble tungt om noen forbød meg å elske dem, men å elske dem er mitt hjertes trang, det går av seg selv.

Men det synes ikke verden, og heller ikke hyklerne og lovtrellene. For dem er det ikke lett å elske de troende. Å elske en bestemt kristen som han har hatt fordel av, å elske sitt eget parti, det kan de. Men å elske hjertelig alle som søker Gud, det kan de ikke. De kan etterligne alt annet i kristendommen unntagen kjærligheten. De blir avslørt ved et dypt, men ofte hemmelig fiendskap, og det går mest ut over dem som er mest nidkjære for Kristus og hans ære. Men det viser seg på den måten at de er opptatt av å finne feil hos de kristne, forstørrer dem og gleder seg over dette.

Slik gjør ikke kjærligheten. Den gleder seg ikke over urettferdighet, men gleder seg ved sannhet. Hvis en kristen faller, lider de andre med og forsøker å skjule feilen, vil ikke snakke om den og prøver i kjærlighet å hjelpe ham til rette som har falt. «Når et lem lider, lider alle lemmene med.»

Denne kjærlighet ligger ikke i naturen. Når fikk du den? Var det ikke da du fant din frelse i Kristus? Det er altså en frukt av ditt samfunn med Frelseren. Det er Åndens frukt og derfor er det så lett å elske. For du behøver ikke arbeide med ditt hjerte for å tvinge deg til å elske. For det er ikke en lovens gjerning, men en Åndens frukt.

På samme måte er det med de kristnes allminnelige kjærlighet. Det er det gamle menneskes natur å leve for seg selv, tenke bare på seg selv, elske seg selv og ikke bry seg om hvordan det går de andre. Når du blir frelst, får du en natur som gjør at du ikke kan la være å bry deg om andre.

Verden kan nok hjelpe hverandre når man lider timelig nød, men den er blind for den åndelige nød. Hyklerne og fariseere kan tale om verdens synd og ondskap, men de kan ikke i kjærlighet arbeide på dens omvendelse.

Men hva virker samfunnet med Frelseren? Alle begynner å få omsorg for sine medmenneskers omvendelse og frelse enten ved å tale med dem, låne dem gode bøker eller be for dem. Et hjerte som tror, kan ikke skjule det. Hva hjertet er fullt av, flyter munnen over med. Verden derimot er åndelig stum. Den kan si tusen ord om alle verdens ting, men ikke ett om Frelseren. Men om man ville forby en kristen å tale om Frelseren, ville det ikke lykkes. Det er blitt ditt hjertes lyst, din nye natur. Det skjedde da du ble en fortapt synder, men søkte og fant nådø og frelse i Kristus. Det er altså en frukt av samfunnet med ham. Det er Åndens frukt.

Det samme gjelder den nye lyst til alle de andre Åndens frukter. Du har på alle måter fått et nytt hjerte, og det vil vise seg mer og mer i dine gjerninger — hvor mye enn kjødet strider mot ånden. Men legg merke til at det er disse indre egenskaper som er oppstått ved foreningen ved Kristus, som kalles Åndens frukter. Han sier med ettertrykk at de kommer av foreningen med ham : «Dersom I blir i meg og jeg i eder, da skal I bære frukt.» Dersom I blir i min kjærlighet.

Nå kan du se etter om du mangler disse frukter i ditt liv. Om du det gjør, ser du jo at du ennå ikke er rett forent med Kristus. Men hvis du ser deg selv som en synder og søker ham av et sant hjerte, mangler det deg bare å se hva du har i ham og bli nedsenket i hans bunnløse kjærlighet.

Men har du tenkt på å gå en annen vei, da er du blant de grener som skal skjæres bort, kastes i ilden og brennes. Herren har selv sagt det.

Blodet

Av Odd Dyrøy

Og mest alt vert etter lova reinsa med blod, og utan at Blod vert utrent, får ingen forlating — (for synd.) (Hebr. 9, 22.)

Dei aller fleste menneske likar ikkje dette og liknande ord frå Herren. Det passar ikkje i vår tid, seiest det, all tale om blod, vold og krig øydelegg folket.

Men det avgjerande er kva Skrifta seier om dette : Føtene deira er snøgge når det gjeld å renna ut blod, øyding og usela er det kvar dei fer, og freds vei kjenner dei ikkje. Ingen otte for Gud har dei for augo (Rom. 3, 15).

Ein av dei to første brør på jorda enda sine dagar i ein blodpøl. Tok seinare brør lærdom av det? Nei, og etter nei ! Det same har gjenteke seg gjennom alle tider, og aldri har det vel runne så mykje uskyldig blod som i vår tid. For eit syn av blodspille på denne synda si jord ! Frå barnet i mors liv, frå krig, terror, fangenskap og rasehat. Kain og Abel lever sida om sida også i dag. Men folk flest vil ikkje tru det, og vil ikkje spyrgja seg sjølv korleis mitt forhold er til min bror. Stogga opp og tenk over det, og så må du vera ærleg og svara sant. Då lyt du nok vedgå at der er mykje kjøligt,, og du er full av missunning og mistanke og meir slikt. Men om det ikkje er andre enn disse to brør på jorda, kva då? Då var det ikkje håp for eit einaste menneske. Kain rømer for Gud på grunn av si synd den dag i dag, og Abels blod ropar til himmelen om hemn.

Vi les i stad om ein tredje sitt blod. Det er Jesus, Guds Son, Menneskesonen, som også måtte døy og lata sitt blod. Dette blodet ropar ikkje om hevn, men om reinsing og forlating for heile den forkomne syndarslekta, som var skyldig for synd, blodspille og därleg ferd og rømer frå Gud.

Kva betyr og gjev Jesu blod?

Vi let Skrifta sjølv svara på det. Dette er blodet mitt, paktblodet, som vert utrent til forlating for syndene (Matt. 26, 28). Menneskesonen er ikkje heller komen for å tenast, men for å tena og gjeva livet sitt som løysespeng for mange (Matt. 20, 28). I Han har me utlösinga ved hans blod, forlating for syndene (Efes. 1, 7). Inga bok kan rumma alt det vi har fått i Jesu blod. Men litt meir må vi ta med.

Reinsing for alle våre synder. Om dei er som purpur, så skal dei verta kvite som snø, om dei er raude som skarlagen, skal dei verta som den kvite ull. For dette blodet si skuld trengs det ikkje lenger noko offer for synd. Hør dette du som strevar med deg sjølv og har dine gjerningar kjære, hør kva blodet forkyller deg — alt er ferdig.

Blodet har gitt oss fred med Gud, så vi skal sleppa å røma for Gud for synda si skuld, sleppa vera redd for hevnaren. Som olja legg dempar på dei opprørte og rasande havbylgjer, slik legg Jesu blod fred og ro over Guds vreide over synda. Ja, ikkje berre det, han blei gjort til synd for oss. Å, kor høgt akta blodet er i himmelen. Blodet har teke synda bort frå Guds åsyn. Med sitt blod gjekk han ein gong inn i heilagdomen og vann ei evig utlösing.

Blodet gjev frimod for Gud

Om synda er aldri så stor og svart, for blodet si skuld har me frimod til å gå inn i heilagdomen, seier Skrifta (Hebr. 10, 19). Vidare seier Skrifta at om synda er stor, så er nåden endå større. Jo meir vi ser på kva verd blodet har for Gud, jo større vert frimodet. Men di meir vi ser på oss sjølv, på vår synd og vårt vonde og kalde hjarta, di mindre vert frimodet. Satan og vårt eige kjøt

pustar til, og seier du er håplaus, ein altfor stor syndar, det nyttar ikkje for deg slik som du er. Å, om du ville sjå på kva Skrifta seier om kva Jesus blod har virka og er hos Gud!

Men der finst og eit falsk frimod, som er grunna på eigen innsats og verdigkeit. Vi er Abrahams barn, vi har omvendt oss, vi har bekjent våre synder, vi har bedt om nåde, og vi har ydmyka oss til forbøn og arbeid for oss sjølv og andre. Alt krinsar om det vi har gjort og er. På dette frimod var det dei fem dårlege møyane gjekk brudgomen imøte. Det same frimod rådde i Simons hjarta då den syndefulle kvinna kom og la seg gråtande ved Jesu føter i huset hans. Han hadde frimod til å tru at Jesus ville visa slike stakkara ifrå seg. Men Jesus sa til Simon: Tilgivne er dei mange syndene hennar, difor er det ho elskar så mykje. Men den som lite vert tilgive, elskar lite.

Det falske frimodet kan forkasta og krossfesta verdasi i frelsar, men kan aldri gi fred og nytt liv i hjarta. Det kan berre ordet om Jesu blod. Hør berre kva som blir sagt til Cornelius ved apostelen Peter: Om han (Jesus) vitnar alle profetane at kvar den som trur på han, får forlating for syndene sine ved hans namn (Ap.gj. 10, 43). Han skal tala ord til deg som skal verta til frelse for deg og heile ditt hus.

Blodet gjev frimod til tenesta for Gud. Sjå

kva frimod det gav Stefanus då han sto i steinregnet frå dei egenrettferdige jødane: Men han skoda fylt av den Heilaga Ande, opp mot himmelen og såg Guds herlegdom, og Jesus som sto ved Guds høgre hand. At Jesus med sitt blod er gått inn for Gud og står ved Guds høgre hand, det held i steinregn, naud og død.

Jesu Kristi blod gir også frimod i nederlag og syndefall, for vi har adgang til denne nåde. Hvordan det føles og hvordan det går, barn kan du ennå få være, syng sangaren. Mange ja heile vår natur er slik, at går det oss bra i livet har vi frimod. Det er på same måten som med ein mann som går frimodig til handelsmannen, for han har pengar, og veit at han er og blir ikkje noko skuldig. Men om han ingen ting har å betala med, då skortar det på frimodet. Slik steller vi oss med Herren, for vårt frimod er grunna på ein så dårleg grunn som vår verdigkeit.

Men hør kva Ordet seier: Så har me då, brør, i Jesu blod frimod til å gå inn i heilagdomen. Blodet gir frimod for Gud i sorg og gleda, i medgang og motgang. Blodet har opna Guds Faderfavn, for alle menneske, så ingen behøver fortapte å gå. Her kan du koma utan pengar og utan betaling. Bruk det frimod som ordet om blodet forkynner, og du skal stå rein og rettferdig for Guds åsyn i dette blodet.

Heimen, samfunnet og åndssamfunnet

(Efes. 5, 18—33) - Av Amund Lid

Alle gode gåver kjem ovanfrå frå Gud som er alle gode gåvers givar, seier Skrifta. Og Jesus seier ein gong at eit menneske har ikkje noko, utan at det blir gitt han ovanfrå himmelen. Og slik er det også når det gjeld heimen vår, samfunnet vårt — fedrelandet — og den åndelege heimen, venesamfunnet, det

høyrer til Guds gode gåver som er gitt oss ovanfrå himmelen.

Det står at då Gud hadde skapt alt, då såg han utover skapningen og såg at alt var såre godt (1. Moseb. 13, 31). Og apostelen Paulus seier ved eit anna høve: Sjå kor god Gud er — (Rom. 5. kap.). Og til denne

Guds godhet høyrer også vår jordiske heim, og det jordiske samfunn han har gitt oss i vårt fedreland. Eg trur at mange i vår tid er ikkje klar over kva verd det har for oss — truleg ikkje før me har mist det. Og endå større er det for oss som lever i trua på Jesus, for me har i tillegg fått ein åndeleg heim å leva i mens me er her på jorda. Det åndelege samfunnet — Jesu Kristi sanne menighet — der me blir født inn ved gjenfødinga og får alt det sjela treng for å leva og veksa i nåde. Eg trur heller ikkje at me er klar over verdet av denne gåva for eit Guds barn. Også her er det nok sant som ordtaket seier: Me veit ikkje kva me har før mæ har mist det.

Heimen

Den er ein viktig del av Guds skaperordning for oss menneske her på jorda. Der blir me født inn, og der får me den kjærleik, tilsyn og mat me treng for å leva opp. Det får me oppseding, rettleiding, tukt og trøst og dei blir det lagt grunnlag for karakteren, livssynet, og alt det som skal setja oss i stand til å tena det samfunnet me skal leva i. Ein har sagt at som heimane er, slik blir også samfunnet — ganske sant.

Heimen er vel noko av det viktigaste Gud har gitt, for ved den oppheeld han menneskelivet og samfunnslivet. Den har også stor betydning for vårt åndelege liv. Det er vel også grunnen til at djevelen set så hardt inn på å øydeleggja ekteskap og heim i vår tid, og resultatet ser me i dag.

Alt i den første tid av menneske si soga, i Babel, kom det falne menneske sin trang til sentralisering, til å bli stor, koma høgt opp, tilsyna då dei samla seg på ein stad og tok til å byggja eit tårn som skulle nå like til himmelen. Til tross for at Gud ikkje lika det og la vanskar i veien, så fortsette menneske på den same leid inntil i dag. Aldri før har det vel vore slik aktivitet ved bygginga av «Babels tårn» som i vår tid. Men etter

Guds vilje er det ikkje. For det står skrive at Gud spreidde dei utsver jorda, ved å forvilla tungemålet, skipa tidebolkar, gav dei eiga og arv, sette grenser og landskille millom dei (5. Moseb. 32, 8 og Ap.gj. 17, 26-fg.) Av dette ser me at sentraliseringa er ikkje av Gud, heller ikkje det å ta eiga og arv frå den som Gud har gitt det og føra det over til staten, eller å riva ned grenseskille som Gud har sett for å bli stor og sterkt. Bak slike ting står ei åndsmakt som ikkje er av Gud.

Korleis er så heimen samansett av Gud

Det står skreve at *til mann og kvinna skapte Gud menneske*. Dei har fått kvar si natur, anlegg og naturutrustning, kvar sitt kall og oppgåve frå Gud. Så den åndsmakta som kjempar for å få bort skilla millom kjønna, den er ikkje av Gud, for Gud seier at ein kvar skal bli i det kall han er kalla til. For det andre sette Gud inn ekteskapet, og skapte kjærleiken millom mann og kvinna, sa dei skulle vera eitt kjøt, og Jesus sa at Det Gud hadde bunde saman skulle ikkje menneske skilja. Vidare lærer Skrifta at barn er ei livs frukt (Sal. 127, 3), ei Guds gåva og ei Guds velsigning (Salme 128, 4).

Slik har Gud sett saman og gitt oss ekteskap og heim, og blir det slik Gud hadde tenkt det er det vel det mest verdifulle og gode Gud har gitt menneske på jorda. Når det ikkje blir slik, så er det synda og djevelen sitt verk. Der han får øydeleggja det, ved at synda, eigenkjærleiken og sjølvlivet, og begjæret får makta, der kan ekteskap og heim bli til ein forsmak på det helvete som ventar alle som ikkje vil la seg frelsa ved trua på Jesus. At dette er slik som Skrifta vitnar, det er dei tusener av øydelagde ekteskap og heimar i vår tid vitne om.

Korleis er så ein god heim, og korleis får me ein god heim?

Det avgjerande er så visst ikkje velstand, god løn, eit fint og moderne hus, ein høg

plass i samfunnet med ein høg levestandard o.l.

Nei, det avgjerande er kjærleiken til ektemaken. Og kjærleiken søker ikkje sitt eige, men den andres beste, kjærleiken er trufast, den er uten krav, og er innstilt på å gi og glede den andre, aktar og ser opp til ektemaken, er ikkje mistenksam og sjalu, men tillitsfull.

Der kjærleiken får leva og råda millom ektemakane, vil dei også bli trufaste mot ektemaken og mot ekteskapslovnaden: Å elskar og æra kvarandre inntil døden skil oss åt.

Kjærleiken er liv, og som alt liv treng den næring og fornying. Den kan ikkje leva av krav og seksualitet, men ved at du viser din kjærleik til ektemaken i kvardag og helg, ved å tena og gi, ved små kjærleiksgjerninger. Dei siste betyr forresten mykje meir enn store og dyre gåver.

I ordet her er Kristus sitt forhold til sin menighet sett opp som fyredøme for ekteskapet. Ver kvarandre undergivne i otte for Kristus. Det vil seia å ta hensyn til den andre, tena og gi i kjærleik, i eit forhold som det som rår millom Kristus og hans menighet.

De koner ver dykker eigne menn undergivne som Herren. Det er Gud som har ordna det slik at mannen skal vera overhovud i heimen og ekteskapet, på same måte som Kristus er hovudet for sin menighet. Dette er Guds ordning, og den som går til angrep og reiser seg mot den, går til angrep på Guds ordning, og du vil ikkje få noko lukkeleg ekteskap og ingen god heim. Men dette skal me merka oss er *sakt til kvinnen*, ikkje til mannen. Eg har sett dei menn som misforstår dette, og blir ein hustyran som ser seg kalla til å syta for at kona held seg etter lova. Nei, Gud vil ikkje ha lovtellarar, men slike som frivilig av hjarta underordnar seg etter Guds vilje og ordning.

Men Gud talar også til mannen: «*De menn, elskar konene dykker, liksom Kristus elskar*

menigheten og gav seg sjølv for henne». Her talar Gud til mannen, og ein skulle tro at her har me fått eit forbilete som gjev oss nok med eige kall. Jesus elskar sin menighet så han gav seg sjølv for henne, med di han reinsa henne i vassbadet ved Ordet, så han sjølv kunne framstella menigheten for seg i herleiddom, utan flekk eller rukka eller noko slikt, men så ho kunne vera heilag og ulasteleg. Såleis skyldar mennene å elskar konene sine som sine eigne lekamar. Den som elskar kona si, elskar seg sjølv. For aldri har nokon hatt eige kjøt, men han føder og fjelgar det, liksom Kristus gjør med menigheten, for me er lemer på hans lekam. Slik talar Gud til mennene, og slik har han ordna ekteskapet. Der ektemakane har denne innstillinga, der vil det også bli eit godt ekteskap, og der vil det bli ein god heim for barna å veksa opp, og gode borgarar til å tena i det store samfunnet. Samfunnet er samansett av dei mange små samfunna som heimane er, og det vil bli i samsvar med det heimane og dei som veks opp der er.

Til ein heim høyrer også barna, og til ein god heim høyrer lydige barn. Difor talar Gud også til barna: «*De barn, lyd dykker foreldre i Herren!* for det er rett. Æra far din og mor di - dette er det første bodet med lovnad - så det må gå deg vel, og du får leva lenge i landet.» Dei som det gjør får leva under Guds velsigning, og det vil gå deg vel. Men bryt du denne livslova, vil det gå både deg og heimen din ille. Foreldra er autoritetar som Gud har sett over oss, så den ånd i tida som foraktar alt som heiter autoritet, den er ikkje av Gud. Det er ei djevelsk ånd som tek overhand itida, for å øydeleggja ekteskap og heim og dei som lever og veks opp der.

Gud talar også til oss foreldre: «*Og de feder, arga ikkje opp barna dykker, men fostra dei opp i Herrens tukt og påminning.*» Treng me om denne påminninga i dag?

Han talar og til tenarane, for dei høyrer

også til ein heim — kanskje meir før enn i dag. Som arbeidarár har også Gud sett overordna, arbeidsherrar over oss, som me skal vera lydige mot og ha age for. Me skal gjera vårt arbeid ikkje med augnetenesta, men som om me gjer det for Gud, for me har alle ein Herre i himmelen, og han gjer ikkje forskjell på folk.

Her har me hørt korleis Gud har tenkt og ordna ekteskap, heim og samfunn for oss. Og den som vil leva i eit godt ekteskap og få ein god og lukkeleg heim, han kan få det berre ved å leva etter den rettesnora Gud har gitt oss.

Her er det djevelen set inn sitt stormangrep i vår tid for å øydeleggja Guds verk og hans kjæraste skapning. Og midlane han brukar er begjær, eigenkjærleik og sjølvliv, pengehug som er rota til alt vondt, ein høg levestandard med augnelyst, kjøtslyst og storlete i livnad, kvinnesaksrørsla som vil tvinga kvinnene ut i arbeidslivet, så dei tek arbeidet frå dei unge som veks opp og forsømer heim og barn, forakt for lov og rett og for overordna, seksualitet og hor og lauslivnad, fosterdrap, vold, tjuveri, ran, narkotika og alkohol, og mykje meir slikt. Alt dette er av djevelen og verda, og har til mål å skada og øydeleggja folk, ekteskap, heim og samfunn. Og alt dette står samfunnet hjelplaust overfor, for dei er frukta av den sæd som blir satt mens folket sov.

Kva kan hjelpa oss. Her er det berre Gud og hans ord, Jesus Kristus og hans evangelium som er ei Guds kraft til frelse, som kan hjelpa. Der det får rom og makt i hjarta, i ekteskap, heim og skule, i massemedia og litteratur, der vil det bli omvendelse og frelse, og ei ny og betre slekt vil veksa opp, og eit samfunn som får leva under Guds velsigning. Der Jesus og evangeliet kjem inn, der må synda og djevelen ut, i hjarta, ekteskap, heim og samfunn. Men der Jesus og evangeliet må ut, flyttar djevelen inn!

Framh. neste nr.

Døm ikke

Av Øivind Andersen

I Romerbrevet kap. 2 i vers 1-3 leser vi: «Derfor er du uten undskyldning, menneske, hvem du enn er som dømmer. For idet du dømmer din neste, fordømmer du deg selv, for du gjør det samme, du som dog dømmer; men vi vet at Guds dom, som sannhet byder, er over dem som gjør slikt. Men mener du det, du menneske, du som dømmer dem som gjør slikt, og selv gjør det, at du skal unnfly Guds dom?»

Det er et alvorlig ord Herren kommer med til oss. Og du har kanske også lagt merke til at Jesus i bergpreknenen sier: *Døm ikke!* forat I ikke skal dømmes. Det går igjen over alt i Guds ord, at den som dømmer, han skal selv bli dømt, og ikke bare det, men bli fordømt og gå fortapt. Da må det være et alvorlig ord, dette med å dømme.

Hva betyr det egentlig? Det betyr ikke det samme som å uttale en mening om noe. Det kan godt hende at en kristen kommer i den stilling at han må uttale en mening om noe, eller om noen, en mening som er negativ. Og vi har alvorlige ord hos prof. Esaias om dem som prøver å gjøre det onde godt og det gode ondt. Det står nemlig slik: Ve de, som gjør det gode ondt eller det onde godt, ve dem, som gjør lys til mørke eller mørke til lys. Og det er noen mennesker det serlig blir følt Guds dom over, det er de mennesker som prøver å bygge bro over den kløften som Gud har satt mellom omvendte og uomvendte, mellom Guds barn og denne verdens barn, de som også kalles lysets barn og mørkets barn. Der er en uoverstigelig kløft og den som gjør lys til mørke eller motsatt, han er under Guds forbannelse.

Derfor er ikke det å dømme det samme som å uttale en mening om noen eller noe, enda om denne mening er negativ.

Hva betyr det da? Det ser og hører du av

bøye seg for sannheten, så underslår de den, undertrykker den, og vil ikke bøye seg for den, men de kan bruke den som målestokk på andre mennesker, og bedømme andre mennesker etter den sannhet som de ikke selv har tatt innover seg eller vil leve sitt liv etter. Det er å dømme.

det ordet vi leste her: Men mener du det du menneske, du som dømmer dem som gjør slikt, og selv gjør det samme, at du skal unnfly Guds dom. Å dømme betyr å bruke Guds ord som målestokk på andre mennesker, uten selv å være kommet i et riktig gudsforhold gjennem dette ordet. Merk deg det! Å dømme betyr altså å bruke Guds ord som målestokk på andre mennesker, men selv har man ikke brukt Guds ord som målestokk på sitt eget hjerte. Den som bruker Guds ord som målestokk på andre mennesker, han legger for dagen to ting. For det første legger han for dagen at han kjenner Guds ord, og at han kjenner Guds vilje. Viss ikke kunne han jo ikke bruke det som målestokk på andre mennesker. For det andre legger han for dagen at selv har han ikke tatt dette ordet til seg, selv har han ikke bøyd seg for det. Og da skjønner du, det er det samme som ugodelighet og urettferdighet, akkurat som vi leser i Rom. 1, 18: Guds vrede åpenbarer fra himmelen over all ugodelighet og urettferdighet, hos mennesker som holder hannaheten nede i urettferdighet. Ugodelig betyr at et menneske klarer seg uten Gud, at han ikke bøyer seg for Gud, at han vil være sin egen autoritet. Mennesket vil være sin egen autoritet, og mennesket vil være sitt eget forsyn, og ta sin egen sak i sin egen hånd. Mennesket vil også ut fra seg selv avgjøre hva som er riktig og sant for seg, hva som er godt og hva som er ondt o.s.v. Dette er ugodelighet, dette er det samme som urettferdighet, og disse mennesker legger for dagen at de har ikke bøyd seg for Gud.

De bøyer seg heller ikke for Guds ord. Nettopp dette er tilfelle med dem som dømmer. De kjenner altså Guds ord, men istedenfor å

Alle som dømmer, de legger for dagen at de er egenrettferdige, alle som dømmer, de legger for dagen at de tror ikke på Gud, de lever ikke sammen med Gud. Og det er dette Ordet refererer til her. Vi vet at Guds dom er over dem som gjør slikt. Guds dom den byr nemlig sannhet, Guds dom som byr sannhet er over dem som gjør slikt. Men mener du det du menneske, du som dømmer dem som gjør slikt, og selv gjør det, at du skal unnfly Guds dom. Du dømmer andre mennesker forat de er umoralske, forat de stjeler, og at de driver hor, forat de er dogne, eller hva det er for noe, for at de lever for seg selv, for at de ikke tar hensyn til andre mennesker, eller hva du tenker å dømmer dem for, og så er det akkurat slik det er med deg. Ikke sant? Tror du at du skal unnfly Guds dom? Skjønner du ikke at du trenger til omvendelse?

Så blir spørsmålet: *Hvordan kan vi bli frelst fra denne fare?* Og et menneske som lever med Gud, han kjenner det spørsmålet: Hvordan skal jeg unngå dette å dømme andre? Og jeg vil svare med et Guds ord fra 1. Kor. 11, 31-32: «Men dersom vi dømte oss selv, da ble vi ikke dømt, men når vi dømmes (at vi kjenner dommen over oss selv i vårt eget hjerte), da refses vi av Herren, for at vi ikke skal fordømmes sammen med verden». Gud er nådig mot meg og deg, han lar oss kjenne dommen over våre synder i vår egen samvittighet. Den som er av sannheten, og som står ansigt til ansikt med Guds ord, han kommer til å kjenne seg truffet av Guds ord.

Forts. neste nr.